vigo

Interkommunalt selskap

# Eksamen

19.05.2017

HUD3001
Helsefremmende arbeid

**Programområde:** Hudpleier VG3

Nynorsk/Bokmål

# Nynorsk

| Eksamensinformasjon | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 4 timar. |
| **Hjelpemiddel** | Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon. |
| **Bruk av kjelder** | Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal du alltid føre dei opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.<br><br>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Vedlegg** | 1 – Kundekort, side 8 |
| **Informasjon om vurderinga** | I denne oppgåva vil det bli lagt vekt på grad av måloppnåing innanfor dei enkelte kompetansemåla.<br><br>Eksamenskandidaten skal kunne:<br><br>• observere helsetilstand og om nødvendig tilrå legebehandling<br>• arbeide etter gjeldande reglar for hygiene og hindre smitte<br>• gjere greie for korleis huda er bygd opp og fungerer, og for normale aldersforandringar<br>• drøfte samanhengar mellom endringar i hud, hår og negler og helse, miljø, levevanar og alder<br>• utføre førebyggjande tiltak og behandling på hud, hår og negler<br>• planleggje og foreslå estetiske tiltak for å fremme trivsel og velvære |

## Situasjonsbeskriving

Du jobbar som hudpleiar i ein hudpleieklinikk der de utfører ansikts- og kroppsbehandling. Den første kunden din denne dagen heiter Turid Olsen og er nettopp blitt pensjonist. Ho har bestilt ansiktsbehandling og fjerning av hår på overleppa. Ho er ei kvithåra dame på 67 år med nesten kvite bryn. No ønskjer ho å setje av meir tid til å stelle seg sjølv, noko ho aldri før har prioritert.

Ho har jobba som gartnar i parkanlegga i byen i alle yrkesaktive år. Ho har ikkje vore nøye med å pleie huda, men vore påpasseleg med å bruke gode solbriller. Ho er òg veldig glad i å vere ute i naturen og bruker mykje tid på turar i skog og fjell.

Turid Olsen har veldig tørr hud med mange djupe linjer og pigmenteringar på hals og decollete og svært raude kinn med synlege kapillær. Ho har tydeleg hårvekst på overleppa med både tjukke og tynne hår, nokre mørke og nokre nesten kvite.

## Oppgåve 1

Du begynner behandlinga med å gjere ein hudanalyse på Turid Olsen. Under hudanalysen spør Turid om du også kan sjå på ein føflekk ved tinningen som har klødd og irritert litt dei siste vekene.

**a)** Gjer greie for korleis huda er bygd opp og fungerer, og for normale aldersendringar hos Turid. Grunngi og diskuter det du observerer undervegs (sjå det vedlagde ferdig utfylte kundekortet).

**b)** Drøft samanhengen mellom endringar i hud, miljø, levevanar og alder for Turid Olsen. Drøft og grunngi vala dine når det gjeld kva behandlingar og tilrådingar du gir denne kunden.

## Oppgåve 2

**a)** Fortel kva for hårfjerningsmetodar du kan tilrå Turid Olsen for å fjerne dei mørke dunhåra på overleppa.

**b)** Undervegs seier Turid at ho har nøyaktig same hårvekst på overleppa som mora og mormora hadde før henne. Drøft korleis hårsyklusen verkar i forhold til ulike metodar for hårfjerning og årsaker til at uønskt hårvekst kan oppstå.

**c)** Etter hårfjerninga på overleppa er kunden blitt veldig raud og har fått små nuppar. Forklar grundig den reaksjonen ho har fått i huda, og kva for tiltak du vil gjere for å motverke dette.

**d)** Turid Olsen ønskjer å framstå som velstelt utan at fåfengda tek overhand. Diskuter kva for tiltak du vil foreslå for at ho skal framstå som velpleidd.

## Oppgåve 3

Som hudpleiar må ein følgje fleire reglar for hygiene. Drøft dei hygieneprinsippa du følgjer i salongen i samband med behandlingane du utfører på Turid i dag.

# Bokmål

| Eksamensinformasjon | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 4 timer. |
| **Hjelpemidler** | Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon. |
| **Bruk av kilder** | Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.<br><br>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Vedlegg** | 1 – Kundekort side 8 |
| **Informasjon om vurderingen** | I denne oppgaven vil det bli lagt vekt på grad av måloppnåelse innenfor de enkelte kompetansemålene.<br><br>Eksamenskandidaten skal kunne:<br><br>• observere helsetilstand og om nødvendig anbefale legebehandling<br>• arbeide etter gjeldende regler for hygiene og hindre smitte<br>• gjøre greie for hvordan huden er bygd opp og fungerer, og for normale aldersforandringer<br>• drøfte sammenhenger mellom endringer i hud, hår og negler og helse, miljø, levevaner og alder<br>• utføre forebyggende tiltak og behandling på hud, hår og negler<br>• planlegge og foreslå estetiske tiltak for å fremme trivsel og velvære |

# Situasjonsbeskrivelse

Du jobber som hudpleier i en hudpleieklinikk hvor dere utfører ansikts- og kroppsbehandlinger. Den første kunden din denne dagen heter Turid Olsen og er nettopp blitt pensjonist. Hun har bestilt ansiktsbehandling og fjerning av hår på overleppen. Hun er en hvithåret dame på 67 år med nesten hvite bryn. Nå ønsker hun å sette av mer tid til å stelle seg selv, noe hun aldri før har prioritert.

Hun har jobbet som gartner i byens parkanlegg i alle sine yrkesaktive år. Hun har ikke vært nøye med å pleie huden, men vært påpasselig med å bruke gode solbriller. Hun er også veldig glad i å være ute i naturen og bruker mye tid på turer i skog og fjell.

Turid Olsen har veldig tørr hud med mange dype linjer og pigmenteringer på hals og decollete og svært røde kinn med synlige kapillærer. Hun har tydelig behåring på overleppen med både tykke og tynne hår, noen mørke og noen nesten hvite.

# Oppgave 1

Du begynner behandlingen med å gjøre en hudanalyse på Turid Olsen. Under hudanalysen spør Turid om du også kan se på en føflekk ved tinningen som har klødd og irritert litt de siste ukene.

**a)** Gjør rede for hvordan huden er bygd opp og fungerer, og for normale aldersforandringer hos Turid. Begrunn og diskuter det du observerer underveis (se det vedlagte ferdig utfylte kundekortet).

**b)** Drøft sammenhengen mellom endringer i hud, miljø, levevaner og alder for Turid Olsen. Drøft og begrunn dine valg når det gjelder hvilke behandlinger og anbefalinger du gir denne kunden.

# Oppgave 2

**a)** Fortell hvilke hårfjerningsmetoder du kan anbefale Turid Olsen for å fjerne de mørke dunhårene på overleppen.

**b)** Underveis sier Turid at hun har nøyaktig samme behåring på overleppen som moren og mormoren hadde før henne. Drøft hvordan hårsyklus virker i forhold til ulike metoder for hårfjerning og årsaker til at uønsket hårvekst kan oppstå.

**c)** Etter hårfjerningen på overleppen har huden hennes blitt veldig rød og fått små nupper. Forklar grundig den reaksjonen hun har fått i huden, og hvilke tiltak du vil gjøre for å motvirke dette.

**d)** Turid Olsen ønsker å framstå som velstelt uten at forfengeligheten tar overhånd. Diskuter hvilke tiltak du vil foreslå for at hun skal framstå som velpleid.

# Oppgave 3

Som hudpleier må man følge flere regler for hygiene. Drøft hvilke hygieneprinsipper du følger i salongen i forbindelse med behandlingene du utfører på Turid i dag.

# Vedlegg: Kundekort Turid Olsen



**KUNDEKORT**

Navn: Turid Olsen
Født: 15.1.1950
Adresse: Storgata 40, 0182 OSLO
Tlf. privat: 22546701
Yrke: gartner
Tlf. arbeid: –
Mail: turid.olsen@mail.com
Tlf: mobil: 90101010

Hudtype: Veldig tørr, dype linjer,
Hudtilstand: svært røde kinn med synlige kapillærer
Hals: Tørr, fortykket hud med mye rynker
Øyeparti: Tørr, dypere linjer, litt hoven
Sensitivitet: Litt kinn
Tonus: Nedsatt Dype linjer
Pigmenteringer: Endel pigmentering ansikt decollete
Kosthold: Uregelmessige måltider. Lite vann
Nåværende hjemmebehandling: Såpe og vann + Oil of Olay
Tilrådet hjemmebehandling:

| DATO | BEHANDLING. | MERKNADER |
| --- | --- | --- |

(Blank side)